

Husbanken  
Postboks 1404  
  
8002 BODØ

Dykkar ref

Vår ref  
11/124-2 ITO

Dato  
**20 JAN 2011**

### **Tildelingsbrev for 2011**

I dette tildelingsbrevet følgjer Kommunal- og regionaldepartementet opp dei vedtak og føresetnader som Stortinget har treft for 2011, jf. Innst. 2 S (2010–2011), Innst. 5 S (2010–2011), Innst. 16 S (2010–2011) og Prop. 1 S (2010–2011) *Kommunal- og regionaldepartementet*.

I tildelingsbrevet stiller departementet til disposisjon løvningar, tilsegnsmakter og låneramme for Husbanken i 2011. Det vert òg gjort greie for kva inntekter som vert føresette i budsjetterminen, og kva satsingsområde og mål som skal gjelde for verksemda i 2011. Det vert lagt til grunn at føringar i tildelingsbrev frå tidlegare år vert vidareført, dersom ikkje noko anna er sagt i dette eller tidlegare tildelingsbrev.

Husbanken har ansvar for å informere departementet om det oppstår vesentlege avvik frå føringane for politikken, i planar som er avtalte med departementet eller i verksemda generelt. Dersom det oppstår avvik, skal Husbanken gjere framlegg om korrigérande tiltak. Husbanken skal ta opp eventuelle uklare punkt i tildelingsbrevet med departementet.

Tildelingsbrevet har følgjande disposisjon:

- I Mål og resultat for 2011
- II Andre føringar frå departementet
- III Budsjettildeling for 2011
- IV Kalender for styringsdialogen og plan for rapportering
- V Relevante dokument

## I MÅL OG RESULTAT FOR 2011

Husbanken skal arbeide for å nå dei bustadpolitiske måla, og dei bygningspolitiske måla på kvalitetsområdet. Husbanken har dei siste åra fått ei styrkt rolle som støttespelar for kommunane i det bustadsosiale arbeidet. Departementet vil at Husbanken skal oppretthalde og vidareutvikle denne rolla. Husbanken skal òg vidareutvikle sin innsats for berekraftig kvalitet og god byggjeskikk i heile landet.

Husbanken skal prioritere følgjande satsingsområde for 2011:

- Eit meir effektivt bustadsosialt arbeid. Husbanken skal ha ei langsigting og strategisk tilnærming til kommunane og prioritere dei som har dei største bustadsosiale utfordringane. Ei slik målretta og systematisk tilnærming skal bidra til at kommunane kan gjennomføre ein heilskapleg og lokalt tilpassa politikk for vanskelegstilte på bustadmarknaden, og bidra til å auke effektiviteten av dei statlege verkemidla. Arbeidet med å førebyggje og motverke bustadløyse skal vere ein sentral del av innsatsen retta mot kommunane.
- Følgje opp miljøhandlingsplanen *Bygg for framtida*. Husbanken skal spele ei aktiv rolle i å fremje god byggjeskikk/arkitektur. Arbeidet på dette feltet må sjåast i nær samanheng med arbeidet for å fremje kunnskap om og auka bruk av bustadløysingar som er energieffektive, miljøvennlege og universelt utforma.
- Følgje opp Omsorgsplan 2015. Husbanken skal setje av tilstrekkelege ressursar til å følgje opp arbeidet og bidra i utvikling av investeringstilskotet.
- Innspel til arbeidet med meldingane til Stortinget om bygningspolitikken og bustadpolitikken.
- Bustadutvalet skal legge fram ein rapport 15. juni 2011. Regjeringa tek sikte på å følgje opp utvalet si utgreiing med ei melding til Stortinget. Departementet ber Husbanken om å setje av ressursar til utvalsarbeidet og meldingsarbeidet i 2011.

### Hovudmål 1: Ein velfungerande bustadmarknad

Det overordna målet for bustad- og bygningspolitikken er at alle skal bu godt og trygt. Husbanken skal bidra til ein velfungerande bustadmarknad gjennom kunnskap, kommunikasjon og gjennom bustadfinansiering i heile landet.

#### *Arbeidsmål 1.1: God informasjon om og balansert lovregulering av bustadsektoren*

Husbanken skal i 2011 fortsetje arbeidet med å betre informasjonen om bustadmarknaden generelt og om dei vanskelegstilte spesielt. Departementet viser til at Husbanken dei siste åra har arbeidd med eit bustadsosialt indikatorprosjekt. Departementet ber om at Husbanken presenterer prosjektet på det første styringsmøtet i 2011.

Husbanken skal gje informasjon og formidle kunnskap om eigne verkemiddel og om gode bustadpolitiske løysingar til kommunar og andre aktørar. Den nye versjonen av [www.husbanken.no](http://www.husbanken.no), som vil vere tilgjengeleg frå januar 2011, vil vere eit verkty i dette arbeidet.

Departementet vurderer å få laga ein betre statistikk over utleigeprisar på bustader, særleg for dei største byane. Husbanken skal oppmøde Statistisk sentralbyrå (SSB) om i 2011 å gjennomføre ei ny utgreiing av måtar å forbetra dagens leigemarknadsstatistikk og kostnadene ved ein slik forbетra statistikk. Husbanken skal kome med innspel til SSB i dette arbeidet. Husbanken skal også setje av midlar til å finansiere ei slik utgreiing, jf. omtale under kapittel III Budsjettildeling for 2011 (kap. 2412, post 21).

**Rapporteringskrav:**

- Husbanken skal i 2. og 4. kvartalsrapport gje ei vurdering av viktige utviklingstrekk på bustadmarknaden generelt og for dei vanskelegstilte spesielt.

*Arbeidsmål 1.2: God finansiering av bustader i heile landet*

Husbanken skal supplere den private kreditmarknaden og bidra til at det vert bygd bustader med berekraftige kvalitetar. Gjennom grunnlånet skal Husbanken tilby finansiering i heile landet. Husbanken skal føre ein god praksis for låneforvalting og fokusere på kreditrisiko i lånegjevinga. Det betyr mellom anna at Husbanken må vurdere dei lokale behova, samtidig som han sikrar at låntakarar ikkje tar opp lån dei ikkje kan betene.

Husbanken skal fremje startlånet som verkemiddel for kommunane i heile landet. Departementet viser til at det i 2008 vart sett i gang ei forsøksordning der kommune og stat deler likt på realiserte tap på startlån. Forsøksordninga vert avslutta 30. september 2011. Departementet ber Husbanken evaluere forsøksordninga når ho er avslutta. Evalueringa skal òg inkludere ei vurdering av systemet for tapsavsetting i fond.

Informasjon om verkemidla til Husbanken må løftast fram i møte med kommunar, NAV, bankar og andre relevante aktørar. Departementet viser til at Husbanken mellom anna nyttar regionråda i Nord-Noreg for å spreie informasjon og kompetanse for politisk og administrativ leiing i kommunane. Det kan spesielt vere nyttig å nytte desse eller tilsvarande eksisterande arenaer i område med store geografiske avstandar.

Departementet ber Husbanken halde fram med dette i arbeidet med å forankre bustadpolitikken i det kommunale planarbeidet, for å oppnå god finansiering av bustader i heile landet.

Bustadetablering og bustadpolitikk i distrikta byr på andre utfordringar for kommunane i distrikta enn i store byar og pressområde. Husbanken skal bidra til at kompetanse om gode metodar for å møte bustadutfordringar i distrikta vert vidareformidla til andre kommunar med tilsvarande utfordringar.

Det er ikkje alle søkjarar som får grunnlån. Departementet ønskjer ei betre statistisk oversikt over dei som får avslag på søknadene sine og avslagsgrunnlaga. Husbanken skal derfor rapportere på dette i 2. og 4. kvartalsrapport for 2011.

**Rapporteringskrav:**

- Husbanken skal evaluere forsøksordninga med lik deling av tap på startlån, inkludert systemet for tapsavsetting. Frist til departementet er 1. april 2012.
- Husbanken skal i 2. og 4. kvartalsrapport rapportere på korleis han arbeidar for å spreie kompetanse om gode metodar for å møte bustadutfordringar i distrikta.
- Husbanken skal i 2. og 4. kvartalsrapport rapportere på kven som får avslag på søknader om grunnlån og avslagsgrunnlaga.

**Hovudmål 2: Auka busetjing av vanskelegstilte på bustadmarknaden**

Ei kjerneoppgåve for Husbanken er å bidra til at kommunane og samarbeidspartnerane deira i best mogleg grad kan gjennomføre ein heilskapleg og lokalt tilpassa politikk for vanskelegstilte på bustadmarknaden. For å lukkast i dette arbeidet skal Husbanken koordinere det statlege bustadsosiale arbeidet, og involvere andre statlege aktørar og KS. Husbanken skal òg samarbeide med friviljug sektor og brukarorganisasjonar.

Husbanken skal fortsetje det strategiske arbeidet med bustadsosialt samarbeid med kommunane, og rette storparten av dei relevante verkemidla og ressursane sine mot dei kommunane som har störst bustadsosiale utfordringar.

***Arbeidsmål 2.1: Auka førebyggjing og kamp mot bustadløyse***

Arbeidet med å førebyggje at folk mister bustaden sin, og å skaffe bustad til dei som ikkje har eigen bustad (bustadlause) skal også i 2011 prioriterast innanfor Husbanken sitt bustadsosiale arbeid. Husbanken skal koordinere den statlege innsatsen og vere rådgjevar for kommunane i dette arbeidet. Dei bustadsosiale utviklingsprogramma er ein strategi for å motverke at nokon vert utan eigen bustad.

Departementet ønskjer i 2011 å etablere eit nytt langvarig program i arbeidet med å motverke at nokon vert utan eigen bustad. Formålet er å intensivere innsatsen på tvers av forvaltningsnivå og sektorar. Husbanken vil ha ei sentral rolle i både utforminga av programmet og i sjølve gjennomføringa. Departementet vil kome tilbake til det konkrete arbeidet dette vil føre med seg.

Unge og barnefamiliar utan eigen bustad skal også vere eit innsatsområde i 2011. Husbanken skal utarbeide regionale planar for dette arbeidet, og desse planane skal knytast til samarbeidsavtalane som Husbanken har med satsingskommunar.

Husbanken skal i 2011 arbeide for at:

- Når personar utan eigen bustad med barn får tilbod om mellombelse butilbod skal desse sjåast i samanheng med meir langsiktige bustadløysingar.
- Ingen skal opphalde seg meir enn tre månader i mellombelse butilbod.

Husbanken skal vidareføre arbeidet med å førebyggje at dei som kjem ut frå fengsel mister bustaden sin, og å skaffe bustad til dei som ikkje har eigen bustad frå før. Desse personane treng eit heilskapleg tilbod, og det er naudsynt med samarbeid på tvers av sektorar og forvaltningsnivå. Butilboden til dei med psykiske lidingar og rusproblem skal også prioriterast i 2011. I dette arbeidet må Husbanken samarbeide med Helsedirektoratet, spesialisthelsetenesta, kommunane, friviljuge organisasjonar og brukarorganisasjonar. Husbanken skal også halde fram med samarbeidet med Kriminalomsorga for å medverke til at måla for tilbakeføringsgarantien vert realiserte.

Det skal vere ei ny kartlegging av personar utan eigen bustad (bustadlause) i 2012. Husbanken skal ha ansvaret for kartlegginga, i tett samarbeid med departementet.

Husbanken skal arbeide vidare med å skaffe betre styringsinformasjon for det bustadsosiale området i samarbeid med dei andre velferdsaktørane og kommunane.

Husbanken skal i 2011 samarbeide med justisstyresmaktene om betre datatilfang og datakvalitet for utkastelser og tvangssal. Departementet ber om ein statusrapport på dette arbeidet innan 1. september 2011.

Husbanken skal i samarbeid med Helsedirektoratet halde regionale konferansar om å skaffe bustader, betre samhandling og gode tenester knytt til personar som har utfordringar med rus og psykiatri.

#### Rapporteringskrav:

- Husbanken skal i 2. og 4. kvartalsrapport rapportere om arbeidet med bustadlause. Det skal spesielt leggjast vekt på situasjonen for barnefamiliar og ungdom.
- Husbanken skal i 2. og 4. kvartalsrapport gjere greie for arbeid og måloppnåing i arbeidet med å realisere måla for tilbakeføringsgarantien.
- Husbanken skal innan 1. september 2011 gje ein statusrapport om samarbeidet med justisstyresmaktene om betre datatilfang og datakvalitet for utkastelser og tvangssal.
- Husbanken skal i 4. kvartalsrapport rapportere om arbeidet med å busetje personar med utfordringar med rusmisbruk og psykiatriske problem.
- Husbanken skal i årsmeldinga for 2011 rapportere om arbeidet med personar utan eigen bustad (bustadlause).

### *Arbeidsmål 2.2: Auka bustadsosial kompetanse i kommunane*

Husbanken skal fortsetje arbeidet med å auke den bustadsosiale kompetansen i kommunane. Gjennom dei bustadsosiale utviklingsprogramma skal Husbanken arbeide for å nå auka kunnskap og kompetanseutvikling, auka forankring og betre samhandling, og ein heilskapleg bruk av verkemidla i kommunane. Husbanken må arbeide for å forankre politikkområdet i kommunaleiinga og ha tett dialog med KS. Departementet ber om at Husbanken utviklar eigne kvalitetsindikatorar for det bustadsosiale området i samanheng med KS sine effektiviseringsnettverk.

Husbanken skal samarbeide med andre statlege velferdsaktørar for å sikre at naudsynt informasjon om dei statlege verkemidla innanfor bustadområdet er lett tilgjengeleg for relevante målgrupper. Dei viktigaste ordningane er bustøtte, startlån, tilskot til etablering, tilskot til utleigebustader og bustadsosialt kompetansetilskot. Gjennom meir informasjon om ordningane og velfungerande metodar i det bustadsosiale arbeidet kan fleire få den hjelpe dei treng. Departementet ber om at Husbanken samarbeider med Arbeids- og velferdsdirektoratet, Integrerings- og mangfaldsdirektoratet, Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, Kriminalomsorga og Helsedirektoratet om denne oppgåva.

#### Rapporteringskrav:

- Husbanken skal rapportere på sitt langsiktige, strategiske arbeid overfor kommunane i 2. og 4. kvartalsrapport.
- Husbanken skal utarbeide ein samla analyse av erfaringane i kommunane og Husbanken gjennom dei bustadsosiale utviklingsprogramma innan 1.10.2011.

### *Arbeidsmål 2.3: Auka bustadsosial aktivitet i kommunane*

Bustøtta er eit viktig verkty i regjeringa sitt arbeid mot fattigdom. Ei styrkt og forenkle bustøtta vart sett i verk frå 1. juli 2009. Departementet ber Husbanken om å halde fram med det gode arbeidet med å gjere reglane for bustøtta kjende. Departementet viser til at det er gjennomført evalueringar av bustøtta i 2010. Departementet vil kome tilbake til korleis Husbanken skal følgje opp tilrådingane.

Departementet har utarbeidd eit utkast til ei eiga lov om bustøtta, som skal sendast på høyring i januar. Det vil vere aktuelt med bistand frå Husbanken i samband med utarbeiding av proposisjon og ved oppfølging av ny lov.

Husbanken skal i sin dialog med kommunane og bank- og finansorganisasjonar synleggjere potensialet i startlånet. Kommunar bør òg sjå bruken av startlån i samband med andre verkemiddel. Husbanken skal aktivt oppfordre kommunar til å bruke startlån slik at fleire leigarar i kommunale bustader kan kjøpe seg sin eigen bustad. Det kan medverke til å redusere ventelister til kommunale bustader, og dermed frigjere bustader til andre meir vanskelegstilte. Det er viktig at det vert sett fokus på

gjennomstrømming i dei kommunale bustadene. Dette er mellom anna viktig i arbeidet mot bustadløyse.

Husbanken skal framleis delta i arbeidsgruppa som er oppretta for KOSTRA-skjema 13 om kommunalt disponerte bustader. Husbanken skal analysere tala og presentere dei for departementet.

Mange kommunar har for få og ikkje høvelege utleigebustader. Både tilskot til utleigebustader og bustøtte er viktige verkemiddel for å stimulere til fleire utleigebustader i kommunane. Det tidlegare bustadtilskotet vert delt i to tilskotsordningar frå og med 2011, slik at tilskot til utleigebustader vert ein eigen post. Husbanken skal i 2011 prioritere tilskot til utleigebustader til kommunar som har store bustadsosiale utfordringar og som kan vise til nettotilvekst av eigna bustader. Kommunane må kunne vise til korleis tiltaket bidreg til ein meir føremålstenleg bustadmasse som kjem vanskelegstilte på bustadmarknaden til gode. Dette er spesielt viktig ved oppgradering av eksisterande utleigebustader der tilskotet ikkje bidreg til å auke nettotilveksten. Tilskotet skal særleg gå til:

- bustader for personar som treng oppfølgingstenester
- busetjing av flyktningar
- bustader for vanskelegstilte med barn i gode bumiljø for barn

Regjeringa vil styrke kommunane sitt arbeid med busetjing av flyktningar, der einslege mindreårige er ei særleg prioritert gruppe. For å stimulere kommunane til å skaffe fleire utleigebustader er tilskot til utleigebustader styrkt med 31,3 mill. kr i 2011, noko som gjev ei tilsegsramme på 69,6 mill. kr. Ei gjennomsnittleg utmåling på 30 pst. vil rundt rekna gje rom for om lag 160 bueiningar. Så langt etterspurnaden etter tilskotet tillèt det, skal satsinga kome i tillegg til ordinær aktivitet retta mot denne gruppa. Departementet ber Husbanken om å rapportere særskilt på aktiviteten i kvartalsrapportane.

Husbanken skal framleis samarbeide med Integrerings- og mangfalldsdirektoratet og Barne-, ungdoms- og familielid direktoratet om busetjing av flyktningar. Målet er at kunnskapen om og bruken av statlege verkemiddel vert auka i busetjingskommunar, mellom anna gjennom gode eksempel.

Mellom anna på bakgrunn av spørsmål frå Stortinget, seinast Dokument 8:50 S (2010–2011), ber departementet Husbanken greie ut korleis såkalla "leige til eige" -prosjekt best kan la seg realisere. I utgreiinga skal det kome fram kva som kan realiserast innanfor rammene av dagens regelverk, og kva for endringar som eventuelt kan gjerast i regelverket for å gjere det enklare å etablere slike prosjekt. Departementet ber om at det i utgreiinga er eit særlig fokus på prosjektet i Fræna kommune og dei erfaringar som er gjort der. Utgreiinga skal vere ferdig og sendt til departementet i løpet av første tertial 2011.

Departementet viser til tiltak i tildelingsbrevet for 2010 for å motverke etnisk diskriminering i leigemarknaden. Eit tiltak var at Husbanken skulle medverke til tilbod av eit breiare spekter av bustadtypar og -storleikar gjennom bustadtilskotet til utlegebustader. Departementet ber Husbanken gjere greie for korleis dette tiltaket er følgt opp. Vidare skal Husbanken halde fram med sitt arbeid med informasjon overfor ulike utleigeaktørar for å avkrefte mytar om utleige til etniske minoritetar og halde fram med å stimulere til meir aktiv bruk av opplæringsverktøyet "Å bo".

Norsk institutt for by- og regionforsking (NIBR) gjennomførte i 2009 ei utgreiing om nokre etniske minoritetar og ulik handsaming av personar på leigemarknaden (NIBR-rapport 2009:2). Departementet ber Husbanken om å få utført ei breiare utgreiing om diskriminering av andre vanskelegstilte grupper på leigemarknaden. Utgreiinga skal omhandle seleksjonsmekanismar som ulike grupper av vanskelegstilte vert utsett for. Det er behov for å sjå nærmare på kven som vert diskriminerte og silt ut i kva for situasjoner, og korleis ein kan redusere slik diskriminering.

Departementet viser til regjeringa sin handlingsplan for å betre levekåra for rom i Oslo frå 2009. Husbanken skal også i 2011 bidra med bustadsosial kompetanse og informasjonstiltak til rettleiingstenesta som er oppretta for rom i Oslo. Departementet ber Husbanken om å delta i det oppretta samrådet mellom rom og norske styresmakter når bustadrelaterte problemstillingar er på dagsorden, og å delta i møter og andre forum som kan verte aktuelle innanfor dette arbeidet.

Departementet har bestilt ei evaluering av bustadtilskot til etablering og tilpassing. Evalueringa vil verte ferdig våren 2011. Departementet ønskjer Husbanken si vurdering av denne evalueringa. Forslag til endringar vil eventuelt kunne verte følgt opp i den varsle meldinga til Stortinget om den sosiale bustadpolitikken. I samband med dette viser departementet til NOU 2010:5 *Aktiv deltagelse, likeverd og inkludering* og deira forslag til korleis ordninga kan betrast for hushald med nedsett funksjonsevne.

Departementet skal gjennomføre ei evaluering av tilskot til utlegebustader. Husbanken vil verte involvert i dette arbeidet.

Departementet ber Husbanken om å kartleggje utfordringane knytte til å skaffe bustader for ofre for menneskehandel. Det skal også omfatte ei vurdering av behovet for midlertidige og langvarige løysingar og oppfølgingsbehov. Departementet ber også om at Husbanken utarbeider forslag til korleis desse utfordringane kan løysast i samarbeid mellom stat, kommune og friviljuge organisasjonar. I dette arbeidet er det ønskjeleg at Husbanken nyttar erfaringar frå sitt arbeid med å skaffe krisebustader for personar som er utsette for tvangsekteskap. Frist til departementet er 30. juni 2011.

**Rapporteringskrav:**

- Husbanken skal gjere greie for arbeidet med å informere om bustøtta i 2011. Frist for skriftleg rapport til departementet er 1. juli 2011.

- Husbanken skal vurdere korleis departementet og/eller Husbanken kan legge betre til rette for auka gjennomstrømming i kommunale bustader. Husbanken skal levere eit notat om dette innan 30. juni 2011.
- Husbanken skal gjere greie for sitt arbeid mot etnisk diskriminering i leigemarknaden i 1. kvartalsrapport 2011.
- Husbanken skal få utført ei utgreiing om diskriminering på leigemarknaden. Frist til departementet er 1. desember 2011.
- Husbanken skal greie ut korleis "leige til eige"-prosjekt best kan la seg realisere. Frist til departementet er 30. april 2011.
- Husbanken skal i den kvartalsvise aktivitetsrapporteringa på tilskot til utelegebustader synleggjere målgrupper, der flyktingar generelt og einslege mindreårige flyktingar spesielt er blant dei.
- Husbanken skal kartlegge utfordringane knytte til å skaffe bustader for ofre for menneskehandel. Frist til departementet er 30. juni 2011.
- Husbanken skal analysere og presentere dei viktigaste funna i KOSTRA i samband med rapporteringa på politikkområdet til Prop. 1 S (2011–2012). Frist til departementet er i andre innspel til Prop. 1 S (2011–2012) i august, jf. vedlegg 2.

#### **Hovudmål 4: Fleire miljøvenlege og universelt utforma bustader og bygg på attraktive stader**

Den andre kjerneoppgåva til Husbanken er å fremje god, berekraftig kvalitet i bustader og bumiljø i heile landet.

##### *Arbeidsmål 4.1: Auka tal på miljøvenlege bustader og bygg*

Husbanken skal stimulere til fleire miljøvenlege bustader gjennom målretta bruk av grunnlån, innsats for kompetansebygging i kommunar og byggjenæring og ved bruk av tilskot til mellom anna forsking, utviklingsprosjekt og førebileteprosjekt. I dette arbeidet må Husbanken ha eit godt samarbeid med mellom anna Statens bygningstekniske etat, Enova, Noregs vassdrags- og energidirektorat, aktørar i byggje- og eigedomsnæringa og kommunane.

Husbanken skal følgje opp *Bygg for framtida – Miljøhandlingsplan for bustad- og byggsektoren 2009–2012*. Oppfølginga må i naudsynt grad verte samordna med Statens bygningstekniske etat.

Departementet ber Husbanken vurdere korleis ein i aukande grad kan stimulere til at rehabilitering av bustader kan skje ut frå omsyn til energieffektivitet, miljø og andre berekraftige kvalitetar. Departementet ber om at Husbanken utarbeider eit problemnotat om saka som òg omtaler erfaringane frå gjennomført arbeid på feltet. Departementet viser til Eksbo, REBO og andre prosjekt der Husbanken har vore med.

I energieffektivitetsprosjekt der fleire offentlege aktørar er involvert, skal Husbanken bidra til at bruken av verkemiddel frå det offentlege si side vert godt samordna.

Departementet ber Husbanken ta ansvar for at det vert utarbeidd eit problemnotat med vurdering av behov for samordning og forslag om korleis dette eventuelt kan gjerast. Departementet ber om at Husbanken tek initiativ til eit samarbeid med Enova, Noregs vassdrags- og energidirektorat og Statens bygningstekniske etat om dette . Notatet skal leverast Kommunal- og regionaldepartementet og Olje- og energidepartementet innan 1. april 2011 slik at innspeila kan vurderast i samanheng med meldinga til Stortinget om bygningspolitikk.

Departementet ber om at Husbanken, saman med Statens bygningstekniske etat, set i gong arbeid med eit utgreiingsprosjekt som systematiserer erfaringane med passivhusbustader. Arbeidet må i naudsynt grad verte samordna med Enova for å sikre at forsking og utgreiing på saksfeltet vert godt koordinert.

Husbanken må i naudsynt grad halde seg oppdatert om direktiv frå EU som påverkar utvikling av krav til bustadkvalitet og andre internasjonale erfaringar på bustadsektoren innanfor energi og miljø.

Departementet ber om at Husbanken følgjer opp samarbeidsprogrammet Framtidas byer. Husbanken skal støtte programmet med inntil 5 mill. kr i 2011, jf. omtale under kapittel III Budsjettildeling for 2011 (kap. 581, post 77). Husbanken skal også støtte Futurebuilt og vidareføre samarbeidet med Lågenergiprogrammet i 2011. Husbanken skal vidareføre samarbeidet med NAL | Ecobox med sikt på å avklare eigarskapsmodell og juridiske problemstillingar slik at prosjektdatabasen kan kome over i ein ordinær driftsfase.

Departementet viser til at Byggmiljø har avslutta sitt arbeid i 2010. Husbanken skal bidra til at gode resultat av programmet vert ivaretake og vidareført. Husbanken må samarbeide med Statens bygningstekniske etat om dette.

Statens bygningstekniske etat skal etablere ein møteplass mellom bygge- og eigedomsnæringa og sentrale departement med underliggjande etatar. Føremålet med møteplassen er å sørge for godt samarbeid og informasjonsformidling om saker av felles interesse og skape ein arena der felles utfordringar kan bli drøfta. Husbanken vil verte invitert til å delta i dette forumet.

Som oppfølging av Byggmiljøprogrammet vil departementet 1–2 gonger i året invitere private aktørar og sentrale departement med underliggjande etatar til nettverksmøte om energi- og miljøsaker innanfor bustad- og byggsektoren. Også her vil føremålet vere informasjonsformidling, kompetansebygging, betre samarbeid og god koordinering.

**Rapporteringskrav:**

- Rapportering på oppfølging av *Bygg for framtida – Miljøhandlingsplanen for bustad- og byggsektoren 2009–2012* og strategi for vidare arbeid. Frist til departementet er innan 1. mai 2011.
- Problemnotat om rehabilitering med auka vekt på energi og miljø. Frist til departementet er innan 1. mai 2011.
- Problemnotat om samordning av verkemiddelbruk på energiområdet. Frist til departementet er innan 1. april 2011.
- Rapportering på kor stor del av etaten sine midlar som går til miljørelaterte føremål, jamfør krav om innspel til Miljøverndepartementet sin budsjettproposisjon.

***Arbeidsmål 4.2: Auka tal på universelt utforma bustader, bygg og uteområde***

Husbanken skal stimulere til fleire tilgjengelege bustader, gjennom målretta bruk av grunnlån og andre verkemiddel. Husbanken skal følgje opp regjeringa sin handlingsplan for universell utforming og auka tilgjenge 2009–2013. Oppfølginga må samordnast med Statens bygningstekniske etat.

Under denne handlingsplanen viser departementet særleg til oppfølginga av informasjonsprogrammet om universell utforming retta mot næringa og kompetanseprogrammet om universell utforming retta mot tilsette og politikarar i kommunar og fylkeskommunar. Husbanken og Statens bygningstekniske etat skal samarbeide om desse tiltaka. Statens bygningstekniske etat har hovudansvaret for gjennomføringa av programma.

Husbanken skal, under same handlingsplan, følgje opp eigen etatsvis plan for universell utforming, ha fokus på universell utforming i stadutviklingsprosjekt og i arbeid med områdeutvikling. Husbanken skal òg bidra inn i arbeidet med å etablere indikatorsystem for måling av universell utforming i bygningar, anlegg og uteområde.

Vidare skal Husbanken bidra i arbeidet med å planleggje den internasjonale konferansen om universell utforming som skal arrangerast i Oslo i 2012 og støtte gjennomføring av arrangementet økonomisk.

**Rapporteringskrav:**

- Dokumentere effekten av kravet til kvaliteten universell utforming for nybyggprosjekt finansierte gjennom grunnlånet.
- Dokumentere måloppnåing på punkt i Husbanken sin handlingsplan for universell utforming.

#### *Arbeidsmål 4.3: Fleire stader med god byggjeskikk og godt bummiljø*

Husbanken skal vidareføre og vidareutvikle si rolle som nasjonalt kompetansesenter for byggjeskikk og bidra til å spreie kunnskap om og engasjement i god utforming av omgjevnadene. Dette er i tråd med dokumentet *Arkitektur.nå* om norsk arkitekturpolitikk (samarbeid mellom 13 departement) og St.meld. nr. 25 (2008–2009) om distrikts- og regionalpolitikken. Husbanken skal stimulere til auka kunnskap både i kommunane og i byggjenæringa.

Departementet ber om at Husbanken samarbeider med universitet og høgskuler på ulike fagdisiplinar knytte til bustad- og bygningspolitikken, slik at utdanningsinstitusjonane vert engasjerte i og oppdaterte på byggjeskikkssområdet.

Husbanken skal framleis vere sekretariat for juryen for Statens byggjeskikkspis. Husbanken skal mellom anna lage ei utstilling over vinnarprosjektet og dei nominerte prosjekta.

Departementet viser til innsatsen i Groruddalen der Husbanken har delteke innanfor arbeidet med bustad-, by- og områdeutvikling. Tilskotsposten vert vidareført. Områdesatsinga i Groruddalen skal vidareførast på same nivå, noko som er viktig for at tiltak som er sette i gong ikkje stoppar opp før ein har nådd tilfredsstillande resultat. Vidare får Bergen kommune 3 mill. kr til områdeløft i 2011. Departementet ber Husbanken om å inngå ei fireårig samarbeidsavtale om områdeløft med Bergen kommune. Husbanken skal bidra i utviklinga av områdesatsing som verkemiddel for å betre levekår i utvalte område med særlege utfordringar. Husbanken skal samrå seg med Integrerings- og mangfaldsdirektoratet i dette arbeidet.

#### Rapporteringskrav:

- Husbanken skal gjere greie for sitt arbeid med områdeløft i årsmeldinga for 2011.

#### **Effektiv og brukarorientert forvaltning**

I tillegg til oppgåver under hovudmåla for bustad- og bygningspolitikken skal Husbanken ivareta mål om ei effektiv og brukarorientert forvaltning. Systemet for mål- og resultatstyring vert vidareført i 2011, men med endra rapporteringsfrekvens. All rapporteringa må, så langt det er mogleg, relaterast til same periode året før og til utviklinga frå førre rapportering. Ein føresetnad for mål- og resultatstyringa er at rapporteringa gjev ei vurdering av graden av måloppnåing. Ei oversikt over styringsparametrane finst i vedlegg 1.

#### *Open, brukarorientert og velfungerande forvaltning av verkemiddel*

Husbanken skal syte for at det finst god og oppdatert informasjon til aktuelle brukarar på Husbanken sine nettsider.

Departementet ber Husbanken om å sikre gode rutinar for regelutforming. Vanskeleg fortolking eller omlegging av praksis skal departementet informerast om før endring trer i kraft. Dette gjeld også at tolkingssaker av lov og forskrift skal takast opp med departementet. Endringar av Husbankens retningslinjer skal leggjast fram for departementet før endringane vert sett i verk.

**Rapporteringskrav:**

- Departementet viser til punkt 2 om brukarundersøkingar i vedlegg 8.

***Effektiv løysing av forvaltnings- og driftsoppgåver***

Husbanken skal styrke arbeidet med budsjettering av løyvingane på budsjettpostane. Målet er ei realistisk budsjettering. Innspel til departementet om avvik og framlegg om endringar skal gje gode forklaringar om føresetnadene som ligg til grunn for berekningane. Krava i reglementet for og føresegnene om økonomistyring i staten skal følgjast.

Alle tilsegn skal registrerast på ein måte som gjev eit godt bilet av aktiviteten gjennom heile året. Husbanken skal ha status for postane tilgjengelege for departementet, og oversende desse kvar månad.

**Rapporteringskrav:**

- Oversikt over forbruk og aktivitet på alle postar skal oversendast for kvar månad i eit excel-ark, jf. vedlegg 3. Frist til departementet er innan den 18. påfølgjande månad.
- Plan for verksemda i 2011, medrekna overordna risikovurdering. Frist til departementet er 1. kvartal 2011.
- Ein årleg rapport frå klagenemnda i Husbanken. Frist til departementet er innan utgangen av 2. kvartal 2011.

## **II ANDRE FØRINGAR FRÅ DEPARTEMENTET**

### **Kommunikasjon og informasjon**

Alle verksemder skal ha eit system for aktiv kommunikasjonsverksemd, både intern kommunikasjon, ekstern kommunikasjon til sine målgrupper og kommunikasjon med departementet.

Kommunikasjonsarbeidet i Husbanken skal støtte opp under dei strategiane som gjeld for verksemda, og vere basert på gjeldande regelverk som offentleglova, ny statleg kommunikasjonspolitikk og forvaltingslova. Departementet oppfordrar til å praktisere meiroffentlegheit. Det er viktig at Husbanken er lydhøy og fangar signal i samfunnet som rører ved Husbanken si verksemd, og brukar dette i eit aktivt kommunikasjonsarbeid.

Husbanken skal orientere departementet i god tid før offentleggjering av viktige utgreiingar eller rapportar som Husbanken har utført eller bestilt. Etablerte varslingsrutinar mellom Husbanken og departementet må følgjast. Dette gjeld særleg i saker som kan verte store, både gode og vanskelege eller kontroversielle mediesaker, eller som kan skape stor merksemd i offentlegheita. Husbanken skal ha tilfredsstillande planer for krisehandtering, medrekna krisekommunikasjon, der kontakten med departementet er ein viktig del. Departementet ventar at Husbanken gjer resultata som er oppnådde innanfor sitt politikkområde synlege, og at han tar kontakt med departementet for avklaring om politisk leiing kan vere ein del av synleggjeringa.

### **Risikostyring og internkontroll**

Departementet ber Husbanken om å gjennomføre risikoanalysar som eit ledd i si interne styring. Husbanken skal dokumentere årlege risikovurderingar på eit overordna nivå. Frist til departementet er innan utgangen av 1. kvartal 2011. Risikovurderingane skal relaterast til målstrukturen i verksemda og integrerast i mål- og resultatstyringa. Den årlege risikoanalysen skal vere eit grunnlag for risikovurderingane i rapporteringa til styringsmøta. Strategiplanar og større utviklingstiltak skal alltid byggje på risikovurderingar. Vurderingar som avslørar høg risiko for at mål ikkje vert nådde skal inkludere omtale av risikoreduserande tiltak, eventuelt må det gå fram at verksemda bevisst godtek den høge risikoen. Departementet skal haldast orientert ved eventuelle uventa endringar i risikobiletet.

Husbanken skal ha system og rutinar for internkontroll. Det er viktig å identifisere risikofaktorar som kan medverke til manglande måloppnåing. Internkontroll gjeld òg om resultatinformasjonen er påliteleg og nøyaktig. Effektive interne kontrollsysteem skal sikre at fastsette mål og resultatkrav vert følgjt opp, at ressursbruken er effektiv, og at verksemda vert drive i samsvar med god forvaltingsskikk, gjeldande lover, forskrifter, retningslinjer og anna relevant regelverk. Vidare er det viktig å ha fokus på å førebyggje og avdekkje moglege misleghald i forvaltninga av midlar. Departementet viser vidare til krava til intern kontroll i økonomireglementet for staten.

Departementet ber Husbanken om å kunngjere tilskotsordningane. Siktemålet er at alle ordningar skal vere kjente, og at alle i målgruppa skal ha dei same føresetnadene for å søkje om tilskot.

Departementet viser spesielt til at regelverket om offentlege innkjøp skal prioriterast høgt i verksemda. Husbanken skal følgje regelverket.

### **Evalueringar**

Husbanken skal kontinuerleg registrere gjennomførte evalueringar på evaluatingsportalen.no.

## **Informasjonstryggleik**

Departementet er i gang med å etablere eit styringssystem for IKT-tryggleik (ISMS) basert på ISO 27001/27002. Departementet ønskjer å tilby desse styringsverktya til underliggjande verksemder når dei er ferdigstilte. Bruk av verktya vil kunne bidra til at sektoren får ein meir heilskapleg styring av IKT-tryggleiken.

- Etatane skal som system- og informasjonseigarar ha eit dokumentert styringssystem for informasjonstryggleik.
- IKT-system og informasjon skal klassifiserast og risikovurderast for å sikre omsynet til konfidensialitet, integritet og tilgjenge.
- Nye IKT-system/-løysingar skal, før dei vert sette i drift, testast for sårbarheit og ivaretaking av omsynet til konfidensialitet, integritet og tilgjenge.
- Det vert anbefalt at tryggleiksarbeidet følgjer anerkjente standardar, som ISO 27001/27002.
- Hendingar som truer eller kompromitter IKT-tryggleiken skal rapporterast.

Informasjonstryggleikstyring vil verte eit tema i styringsdialogen.

## **Rapportering i samhøve med mållova**

Departementet viser til § 8 i mållova om målbruk i offentleg teneste og § 6 i forskriftene til lova om krav om minimum 25 pst. bruk av den minst nytta målforma. Departementet ber Husbanken om å rapportere på dette i årsmeldinga for 2010.

## **Etiske retningslinjer**

Departementet viser til etiske retningslinjer for statstenesta som vart utarbeidd av Fornyings-, administrasjons og kyrkjedepartementet i 2005. Husbanken er som ein del av statstenesta omfatta av desse retningslinjene. Kvar einskild verksemd må ha fokus på det etiske medvitet blant dei tilsette. Leiinga i verksemda har i samband med dette ei viktig rolle, både som initiativtakar og oppfølgjar. Departementet ber Husbanken omtale arbeidet i årsmeldinga for 2010.

## **Personalpolitikk**

Personalpolitikken i statleg sektor har som mål:

- å støtte opp om fornying og effektivisering av statleg sektor
- å rekruttere, utvikle og behalde kvalifiserte og motiverte medarbeidarar
- å tilby eit inkluderande arbeidsliv prega av mangfold

## *Inkluderande arbeidsliv*

Departementet viser til den nye IA-avtala for perioden 1. mars 2010 til 31. desember 2013. I følgje den nye IA-avtala vert alle statlege verksemder utfordra til å setje eigne, nye mål som kan bidra til at staten og den einskilde verksemd når måla med IA-avtala.

## *Likestilling og mangfold*

Likestillingslova § 1a, diskrimineringslova § 3a, diskriminerings- og tilgjengelova § 3 og arbeidsmiljølova kap. 13 inneholder eit krav til offentlege styresmakter og offentlege verksemder om å gjere greie for likestilling og mangfold i verksemndene. Dette skal innarbeidast i årsrapporten til departementet og i Prop. 1 S.

Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet har gjeve ut ein ny rettleiar – *Veileder til statlige virksomheters likestillingsredigjørelser etter aktivitets- og rapporteringsplikten*. Departementet ber verksemndene følgje rettleiaren for si rapportering. Rettleiaren er vedlagt, jf. vedlegg 9.

Husbanken må vurdere i kva grad det er føremålstenleg å rapportere på alle indikatorane. Rapporteringa bør ha ei kort forklaring på eventuell ulikskap. Det skal òg gjerast greie for tiltak som er sette i verk eller planlagde for å fremje likestilling og mangfold.

## *Mal som skal nyttast ved likestillingsrapportering for 2010 frå den einskilde verksemd*

Departementet ber verksemndene nytte *Tabell 1: Registreringsskjema for tilstandsrapportring (kjønn)* (side 12-13 i rettleiaren) i staden for malen som tidlegare er brukt. Stillingskategoriar skal følgje statens lønsplanar. Verksemda vel sjølv kva stillingskategoriar dei ønskjer å nytte. Departementet har valt å slå saman stillingskategori 1-3 til ein kategori for sakshandsamarar (også inkludert kontortilsette). Avvik og spesialstillingar skal forklarast i fotnote. På dei rapporteringskriteria der Husbanken ikkje har data skal det setjast ein strek.

## **Internasjonalt arbeid**

Husbanken skal følgje med på trendar og utvikling i andre land som har relevans for norsk bustadpolitikk. Utviklinga i EU og dei nordiske landa står særleg sentralt. Husbanken skal ved behov hjelpe departementet i saker om EU/EØS.

Departementet ber Husbanken starte arbeidet med å forebu ei moderat utstilling i samband med World Urban VI som skal vere i Bahrain i 2012.

## **FoU**

Departementet har utarbeidd ein revidert FoU-strategi for åra 2011–2014. I strategien er arbeidsdelinga med underliggjande etatar si FoU-verksemd omtalt. Husbanken skal avstemme sin strategi til departementet sin strategi, og føreleggje den for departementet. Strategien vil vere retningsgjevande for dialogen med departementet i FoU-spørsmål.

Departementet vil kalle Husbanken inn til FoU-møte ved behov. Føremålet med møta er å planleggje og samkjøre arbeidet som departementet og etatane skal gjennomføre på FoU-området. Departementet vil vidare kalle inn Husbanken og Statens

bygningstekniske etat til minst eit felles FoU-møte i 2011, om FoU-prosjekt knytt til bustad- og byggkvalitet. Det første møtet vil vere i april.

Husbanken skal halde departementet orientert om FoU-arbeidet, og større prosjekt skal avklarast med departementet på førehand. Husbanken skal sende departementet ei kvartalsvis oversikt som omtaler alle FoU-oppdrag som er planlagde eller sette i gang. FoU-oppdrag skal òg vere fast punkt på dagsorden under styringsmøta.

Frå 2011 skal bustadspørsmål verte integrert i forskingsprogrammet velferd, arbeidsliv og migrasjon (VAM). Departementet har kontakt med Forskningsrådet om VAM, og Husbanken vil få bestillingar om innspel til VAM.

I samband med utvalsarbeidet og arbeid med ei melding til Stortinget om bustadpolitikk, skal Husbanken setje av midlar til forsking. Husbanken skal vidare spele inn forslag til departementet om behov for ny kunnskap som bør bli sett i gang i 2011 som grunnlag for ei melding til Stortinget om bustadpolitikken.

Alle sentrale forskningsrapportar som vert ferdige skal sendast til departementet. Eit notat med vurderingar og tilrådingar frå Husbanken skal følgje med. Notatet skal sendast i framkant av offentleggjering av rapportane.

Departementet ber om tre eksemplar av alle forskings- og evalueringssrapportar som Husbanken oversender. Rapportane skal også sendast som pdf-fil til departementet via e-post. Departementet ber òg om at det i alle oppdrag som Husbanken bestiller, vert stilt krav om eit engelsk samandrag av rapporten, som skal leverast som ei eiga datafil med framside. Vi ber også Husbanken om å ta inn i sine forskings- og utgreiingskontrakter at det må pårekna at prosjektet skal presenterast for departementet, og at publisering må vere avtalt slik at departementet får høve til å gjere seg kjent med innhaldet.

### **III BUDSJETTILDELING FOR 2011**

Departementet viser til Innst. 5 S (2010–2011), Innst. 16 S (2010–2011) og Prop. 1 S (2010–2011) *Kommunal- og regionaldepartementet*, og til forskrifter og retningslinjer for bustøtta og låne- og tilskotsordningane som Husbanken forvaltar.

Følgjande utgifter og inntekter vert stilt til disposisjon for Husbanken i 2011:

### **Utgifter**

| <i>Kap.</i> | <i>Post</i>  | <i>Sum i 1 000 kr</i> |
|-------------|--|-----------------------|
| <b>580</b>  | <b>Bustøtte</b>  |                       |
| 70          | Bustøtte, <i>overslagsløyving</i>  | 3 830 000             |
| <b>581</b>  | <b>Bustad- og bumiljøtiltak</b>  |                       |
| 61          | Husleigetilskot  | 4 500                 |
| 74          | Tilskot til bustad-, by- og områdeutvikling, <i>kan overførast</i>               | 46 000                |
| 75          | Tilskot til etablering og tilpassing av bustad                                   | 399 600               |
| 76          | Tilskot til utelegebustader, <i>kan overførast</i>                               | 428 800               |
| 77          | Kompetansetilskot til berekraftig bustad- og byggkvalitet, <i>kan overførast</i> | 20 800                |
| 78          | Bustadsosialt kompetansetilskot, <i>kan overførast</i>                           | 72 100                |
| <b>582</b>  | <b>Rentekompensasjon for skule- og symjeanlegg og kyrkjebrygg</b>                |                       |
| 60          | Rentekompensasjon – skule- og symjeanlegg, <i>kan overførast</i>                 | 673 000               |
| 61          | Rentekompensasjon – kyrkjebrygg, <i>kan overførast</i>                           | 47 000                |
| <b>586</b>  | <b>Tilskot til omsorgsbustader og sjukeheimspllassar</b>                         |                       |
| 63          | Tilskot til kompensasjon for utgifter til renter og avdrag                       | 1 273 700             |
| 64          | Investeringstilskot, <i>kan overførast</i>                                       | 1 067 400             |
| <b>2412</b> | <b>Husbanken</b>   |                       |
| 1           | Driftsutgifter   | 320 200               |
| 21          | Spesielle driftsutgifter   | 15 000                |
| 45          | Større utstyrssframskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast</i>              | 16 000                |
| 71          | Tap på utlånsverksemd  | 20 000                |
| 72          | Rentestønad  | 16 000                |
| 90          | Lån frå Husbanken, <i>overslagsløyving</i>                                       | 14 117 600            |

### **Inntekter**

| <i>Kap.</i> | <i>Post</i>          | <i>Sum i 1 000 kr</i> |
|-------------|----------------------|-----------------------|
| <b>5312</b> | <b>Husbanken</b>     |                       |
| 1           | Gebyr m.m.           | 15 500                |
| 11          | Tilfeldige inntekter | 500                   |
| 90          | Avdrag               | 9 225 200             |
| <b>5615</b> | <b>Husbanken</b>     |                       |
| 80          | Renter               | 4 163 400             |

### **Meirinntektsfullmakt**

Husbanken kan i 2011 overskride løyvinga på kap. 2412, post 1 Driftsutgifter mot ei tilsvarande meirinntekt på kap. 5312, post 1 Gebyr m.m., jf. romartalsvedtak V i Innst. 16 S (2010–2011).

### **Oversikt over løyving, tilsegnsfullmakter og tilsegnsrammer for 2011**

Tabellen under gjev ei oversikt over løyving, tilsegnsfullmakt og tilsegnsramme for dei ulike tilskotsordningane som vert budsjettert på denne måten, jf. Innst. 16 S (2010–2011). Det vert vist til romartalsvedtak VI for tilsegnsfullmakter.

| (i mill. kr) |      |   |         |                     |                |
|--------------|------|---|---------|---------------------|----------------|
| Kap.         | Post |   | Løying  | Tilsegningsfullmakt | Tilsegnssramme |
| 581          | 76   | Tilskot til utleigebustader                               | 428,8   | 342,5               | 404,6          |
| 581          | 77   | Kompetansetilskot til berekraftig bustad- og byggkvalitet | 20,8    | 26,0                | 25,3           |
| 581          | 78   | Bustadsosialt kompetansetilskot                           | 72,1    | 66,4                | 70,0           |
| 586          | 64   | Investeringstilskot                                       | 1 067,4 | 1 587,8             | 1 111,0        |

## Kap. 580 Bustøtte

### *Post 70 Bustøtte, overslagsløying*

Stortinget har vedteke ei løyving på 3 830 mill. kr til bustøtte i 2011.

Frå 1. juli 2011 vil nokre satsar i bustøtta verte justerte. Innslagspunktata for progressiv opptrapping av eigendelen vert oppjustert i takt med veksten i minstepensjonen. Det nye innslagspunktet for unge uføre vert kr 185 000 og kr 149 000 for andre mottakarar. Buutgiftstaket vert auka for husstandar med fleire personar i tråd med tabellen nedanfor. I tillegg vert buutgiftstaket i Oslo auka med kr 2 000 for alle mottakarar. Eigendelen vert heva med kr 1 600 for alle. Justeringa av satsane bidreg til å målrette bustøtta mot dei som har dei høgste buutgiftene.

| Personar i husstanden | Buutgiftstak i dag, i kr | Tillegg, i kr | Nye buutgiftstak, i kr |
|-----------------------|--------------------------|---------------|------------------------|
| 1                     | 61 000                   | 0             | 61 000                 |
| 2                     | 64 000                   | 1 500         | 65 500                 |
| 3                     | 67 000                   | 3 000         | 70 000                 |
| 4                     | 70 000                   | 4 500         | 74 500                 |
| 5 eller fleire        | 70 000                   | 9 000         | 79 000                 |

Overgangsordninga for unge uføre vert vidareført utan nedtrapping, i tråd med ordlyden i forskrifta. Det sikrar unge uføre som fekk bustøtte i juni 2009 like høge utbetalingar som i juni 2009 inntil det lønner seg å få bustøtta rekna etter nye reglar eller til dei fell ut av ordninga.

I tildelingsbrevet for 2010 vart Husbanken bedd om å halde den høge kompetansen med å vurdere konsekvensar av endringane i reglane i bustøtta ved lag og å styrke arbeidet med å budsjetttere og konsekvensjustere bustøtta. Departementet ber om at arbeidet med og modellen for konsekvensjustering av bustøtta vert gjennomgått for å betre budsjettansлага for ordninga. Husbanken skal ferdigstille og rapportere om arbeidet før 1. juni 2011.

Departementet ber Husbanken om å rapportere månadleg på ordninga innan fem virkedagar den påfølgjande månaden. Husbanken skal nytta malen i vedlegg 4.

## **Kap. 581 Bustad- og bumiljøtiltak**

### *Post 61 Husleigetilskot*

Stortinget har vedteke ei løyving på 4,5 mill. kr i 2011. Løyvinga skal dekkje statens del av utgiftene knytte til tilskotet, det vil seie halvparten av utgiftene.

Husbanken skal vidaretildele midlane til Oslo og Trondheim kommune. Kommunane skal framleis administrere tildelinga av tilskotet og rapportere til Husbanken om bruk av midlane. Husbanken skal vidareformidle rapporteringa frå kommunane i kvartalsrapportane og i samband med dei ordinære budsjettprosessane.

### *Post 74 Tilskot til bustad-, og by- og områudeutvikling, kan overførast*

Stortinget har vedteke ei løyving på 46 mill. kr i 2011. Innsatsen innanfor bustad-, by- og områudeutvikling i Groruddalen vert vidareført med 43 mill. kr. Auken på 3 mill. kr skal gå til områdesatsing i levekårutsette område i Bergen. Denne innsatsen skal skje i samarbeid med Bergen kommune. Bergen har tidlegare framheva at det er særskilt store utfordringar i Årstad bydel. Departementet ber om at rapportering frå innsatsen i Bergen vert inkludert i rapporteringa på tilskotet.

### *Bustadtilskot til etablering, tilpassing og utleigebustader*

Stortinget har vedteke å dele bustadtilskotet i to budsjettpostar frå 1. januar 2011:

- Tilskot til etablering og tilpassing av bustad (kap. 581, post 75)
- Tilskot til utleigebustader (kap. 581, post 76)

Departementet arbeider med å utforme nye forskrifter for kvar tilskotspost.

Departementet vil ettersende forskriftene når dei er ferdige.

### *Post 75 Tilskot til etablering og tilpassing av bustad (nytt namn)*

Etter delinga skal tilskotet gå til alle føremål som tidlegare var under bustadtilskotet, med unntak av utleigebustader. Det vil seie at tilskotet frå 2011 går til:

- etablering i eigen bustad
- tilpassing av bustader for eldre og personar med nedsett funksjonsevne
- utredning og prosjektering av bustader som skal dekkje spesielle bustadbehov
- tilstandsvurdering av burettslag, sameiger og liknande
- prosjektering av og investering i heis i eksisterande bustadbygg
- tap på startlån

Husbanken vidaretildeler tilskotsmidlar til etablering og tilpassing til kommunane, slik at kommunane kan formidle tilskota til søkjarane. Dei andre tilskota skal Husbanken gje.

Stortinget har vedteke ei løyving på 399,6 mill. kr i 2011. Av dette skal inntil 5 mill. kr setjast av til prosjektering av og investering i heis i eksisterande bustadbygg.

Kommunane har sidan 1996 kunne setje av midlar til å dekkje tap på startlån frå dei personretta tilskotsmidlane. I 2011 skal det berre unntaksvis kunne setjast av midlar til tapsfond til startlån. Det skal i så fall først vere ein grundig gjennomgang av låneporteføljen i kommunen.

Departementet viser til at tilskotsposten ikkje har stikkord "kan overførast". Det betyr at tilskotet i sin heilskap må utbetalast i 2011.

*Post 76 Tilskot til utlegebustader, kan overførast (ny post)*

Tilskotet er ei direkte vidareføring av tilskot til utlegebustader som tidlegare var under post 75 Bustadtilskot til etablering, tilpassing og utlegebustader.

Tilsegrnsramma for 2011 er på 404,6 mill. kr, der 69,6 mill. kr er øyremerka flyktningar, medrekna einslege mindreårige. Det må derfor kome fram i rapporteringa på tilskotet kor stor del som har gått til flyktningar. Til å dekkje tilsegn gjevne i 2008, 2009, 2010, og tilsegn som vert gjeve i 2011 som òg kjem til utbetaling i 2011, vert det gjeve ei løyving på 428,8 mill. kr. Tilsegrnsfullmakta er på 342,5 mill. kr i 2010.

Bustadtilskot til utlegebustader kan i særlege tilfelle og etter gjevne kriterium gjevast med inntil 40 pst. tilskotsutmåling dersom det finst plan for heilskaplege oppfølgingstenester. Departementet legg til grunn at det er ei effektiv og fleksibel tilskotsutmåling i dei einskilde prosjekta. Det skal i 2011 setjast eit nasjonalt krav om nettotilvekst. Husbanken skal prioritere tilskot til utlegebustader til kommunar med store bustadsosiale utfordringar og som kan vise til tilvekst av eigna bustader.

Kommunane må kunne vise til korleis tiltaket bidreg til ein meir føremålstenleg bustadmasse som kjem vanskelegstilte på bustadmarknaden til gode. Dette gjeld særleg der tilskotet ikkje bidreg til å auke nettotilveksten, for eksempel ved utbetring av eksisterande utlegebustader eller når tilskotet skal bidra til at kommunane sine bustader vert meir spreidde frå kvarandre.

Departementet viser til Innst. 16 S (2010 – 2011) der kommunal- og forvaltingskomiteen ber regjeringa om å opne for at midlane over denne posten også skal kunne nyttast til utlegebustader for ungdom generelt. Komiteen legg til grunn at bustadlause og flyktningar skal ha førsteprioritet innanfor tilskotet. Departementet ber Husbanken om å prioritere dei mest vanskelegstilte på bustadmarknaden i forvaltinga av tilskotet.

*Post 77 Kompetansetilskot til berekraftig bustad- og byggkvalitet, kan overførast*

Tilsegrnsramma for 2011 er på 25,3 mill. kr. Til å dekkje tilsegn gjeve i 2010 og tilsegn frå 2011 som kjem til utbetaling i 2011, vert det gjeve ei løyving på 20,8 mill. kr. Tilsegrnsfullmakta er på 26 mill. kr.

Departementet viser til *Bygg for framtida – Miljøhandlingsplan for bustad- og byggsektoren 2009-2012*. Husbanken skal vidareføre støtta på inntil 5 mill. kr til samarbeidsprogrammet Framtidas byer. Husbanken skal òg støtte Futurebuilt med

inntil 1,2 mill. kr, Lavenergiprogrammet med 1 mill. kr, prosjektdatabasen til NAL | Ecobox med inntil kr 400 000, Næringslivets stiftelse for miljødeklarasjonar med inntil kr 150 000 og gjennomføring av den internasjonale konferansen om universell utforming i 2012 med inntil kr 350 000 i 2011.

Departementet viser til handlingsplanen for universell utforming og auka tilgjenge 2009-2013. Husbanken skal gjennom tilskot- og låneordningar støtte opp om relevante tiltak i handlingsplanen.

Departementet viser til at tilskotet var nytt av 2010, som følgje av deling av det tidlegare kompetansetilskotet. Departementet arbeider med å utforme ei ny forskrift for tilskotet. Departementet vil ettersende forskrifter når ho er ferdig.

#### *Post 78 Bustadsosialt kompetansetilskot, kan overførast*

Tilsegsramma for 2011 er på 70 mill. kr. Til å dekkje tilsegn gjeve i 2009 og 2010, og tilsegn frå 2011 som kjem til utbetaling i 2011, vert det gjeve ei løyving på 72,1 mill. kr. Tilsegnsfullmakta er på 66,4 mill. kr.

Husbanken skal i 2011 støtte Leieboerforeningen i Oslo med eit driftstilskot på inntil 1 mill. kr. Dette skal hjelpe til å stabilisere økonomien i organisasjonen. Husbanken må sørge for at midlane ikkje vert gjeve i strid med statsstøtteregelverket. Departementet ber derfor om at det vert gjeve støtte til deler av verksemda som ikkje er knytte til prosjekt som konkurrerer med marknadsaktørar. Departementet viser til at kommunal- og forvaltingskomiteen i Innst. 16 S (2010–2011) understrekar at alle leigetakarorganisasjonar skal ha moglegheit til å søkje drifts- og prosjektstøtte frå kap. 581, post 78.

Husbanken skal bidra i arbeidet med å arrangere European Network for Housing Research-konferanse i 2012 på Lillehammer.

Departementet viser til at tilskotet var nytt av 2010, som følgje av deling av det tidlegare kompetansetilskotet. Departementet arbeider med å utforme ei ny forskrift for tilskotet. Departementet vil ettersende forskrifter når ho er ferdig.

#### **Kap. 582 Rentekompensasjon for skule- og symjeanlegg og kyrkjebygg**

##### *Post 60 Rentekompensasjon – skule- og symjeanlegg, kan overførast*

Husbanken kan gje tilsegn i tråd med romartalsvedtak VII i Innst. 16 S (2010–2011) på inntil 2 mrd. kr i 2011. Løyvinga på 673 mill. kr skal gå til å dekkje renteutgifter knytte til investeringsrammene det er gjeve tilsegn om i perioden 2002–2011.

##### *Post 61 Rentekompensasjon kyrkjebygg kan overførast*

Husbanken kan gje tilsegn i tråd med romartalsvedtak VIII i Innst. 16 S (2010–2011) på 400 mill. kr i 2011. Løyvinga på 47 mill. kr skal gå til å dekkje renteutgifter knytte til

investeringsrammene det er gjeve tilsegn om i perioden 2005–2010. I tråd med utbetalingsprofilen vil tilsegnna frå investeringsramma i 2011 først kome til utbetaling i 2012 og seinare år.

### **Kap. 586 Tilskot til omsorgsbustader og sjukeheimspllassar**

#### *Post 63 Tilskot til kompensasjon for utgifter til renter og avdrag*

Løyvinga skal gå til å dekkje utgifter til renter og avdrag på lån til alle som har fått oppstartstilskot (post 60). Løyvinga er 1 273,7 mill. kr i 2011.

#### *Post 64 Investeringstilskot, kan overførast*

Husbanken skal prioritere arbeidet med å skaffe fleire omsorgsbustader og sjukeheimspllassar. Dette er ei viktig oppgåve for regjeringa og Husbanken skal prioritere å delta i styringsgruppa som er etablert mellom dei ulike departementa og etatane for å følgje arbeidet med gjennomføringa av Omsorgsplan 2015.

Departementet viser til at det er vedteke endringar i søknadshandsaminga på tilskotet. Fylkesmannen skal ikkje lenger prioritere kva kommunar som skal få tilskot.

Fordelinga av tilsegnssrammer på fylker og husbankregionar vert oppheva.

Departementet viser til at regjeringa vil følgje utviklinga og vurdere eventuelle tiltak dersom det på bakgrunn av denne endringa oppstår ulikskap i heildøgnstilbodet i kommunane.

Husbanken si rolle i søknadshandsaminga er uendra. Kommunane skal framleis søkje til Husbanken om tilskot. Husbanken skal sikre at krava i retningslinjene for ordninga vert oppfylte. Husbanken skal framleis søkje fagleg råd og bistand frå Fylkesmannen, og skal kontakte Fylkesmannen tidleg i søknadshandsaminga. Husbanken kan nytte den faglege kompetansen til Fylkesmannen for å sikre kvaliteten på prosjekta og mellom anna vurdere spørsmål som gjeld krava i ordninga om at omsorgsplassane skal nyttast til personar med behov for heildøgns omsorg og vere tilrettelagte for bebuarar med demens og kognitiv svikt slik det går fram av Demensplan 2015.

Departementet ber Husbanken om å revidere retningslinjene for investeringstilskotet i tråd med desse endringane i oppgåvene til Fylkesmannen.

Tilsegnssramme for 2011 er på 1 111 mill. kr, som skal bidra til etablering av 2000 omsorgsbustader og sjukeheimspllassar i 2011. Til å dekkje tilsegn gjeve i 2008 og 2009, 2010 og tilsegn frå 2011 som kjem til utbetaling i 2011, vert det gjeve ei løyving på 1 067,4 mill. kr. Tilsegnfullmakta er på 1 587,8 mill. kr i 2011.

Dei maksimale tilskotssatsane er prisjusterte, og er kr 444 400 for omsorgsbustader og kr 666 600 for sjukeheimspllassar, innanfor ein maksimal anleggskostnad på 2,222 mill. kr. Omsyn til miljø og universell utforming skal følgjast opp i samband med tildeling av tilskot.

Departementet viser elles til Prop. 29 S (2010–2011) kor det vart varsla at regjeringa i byrjinga av 2011 vil kome med ein proposisjon til Stortinget om styrking av investeringstilskotet ved å auke tilskotsutmålinga.

Helsedirektoratet skal utarbeide ei samla årsmelding for Omsorgsplan 2015 som investeringstilskotet er ein del av. Departementet føreset at Husbanken utarbeider sin del av denne årsmeldinga i samarbeid med Helsedirektoratet, og at Husbanken her, i tillegg til å gje ei oversikt over tilstanden i ordninga også analyserer utviklinga.

Husbankens ordinære kvartalsvise rapportering skal for investeringstilskotet mellom anna inkludere oversikt over brukargruppar (føremålet med bueininga) og oversikt over aldersgrupper, i tillegg til hovudtala fordelt på fylke og heile landet samla. Dei viktigaste tala kan også illustrerast med figurar.

Departementet viser til at Husbanken særskilt skal rapportere månadleg på ordninga til Helse- og omsorgsdepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet innan fem virkedagar den påfølgjande månaden. Husbanken skal nytta malen i vedlegg 5, og gjere naudsynte endringar i malen i tråd med slik ordninga til ei kvar tid er utforma.

Husbanken må samstundes i lys av dei nye endringane finne ein god måte for å samanlikne gamle og nye tal i vurderinga av måloppnåing. Departementet ber også om at Husbanken har høg merksemd på einskildbestillingar på statistikk og analyser utover dei andre rapporteringane.

## Kap. 2412 Husbanken

### *Post 1 Driftsutgifter*

Husbanken skal ha ein effektiv administrasjon. Prioriteringane som vert gjevne gjennom tildelingsbrevet skal i størst mogleg grad reflektere ressursbruken på administrasjonsbudsjettet.

Stortinget har vedteke ei løyving på 320,2 mill. kr i 2011.

### *Post 21 Spesielle driftsutgifter (ny post)*

Stortinget har vedteke ei løyving på 15 mill. kr i 2011. Løyvinga skal nyttast til forsking, utvikling og kunnskapsformidling innanfor bustadsosiale tema og kvalitetsområde som miljø, energi og universell utforming. Departementet ber om at inntil 2 mill. kr vert sett av til utgreiing av måtar å forbetre dagens leigemarknadsstatistikk, jf. omtale under arbeidsmål 1.1.

Departementet viser til at posten ikkje har stikkord "kan overførast" Det betyr at løyvinga i sin heilskap må utbetalast i 2011. I tråd med løyvingsreglementet kan inntil fem prosent av løyvinga overførast til neste budsjettår.

#### *Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald*

Stortinget har vedteke ei løyving på 16 mill. kr.

#### **Utlånsverksemda i Husbanken**

Husbanken er gjeve ei låneramme på 15 mrd. kr i 2011, jf. romartalsvedtak IV i Innst. 5 S (2010–2011).

Startlånet er eit godt verkemiddel for unge og vanskelegstilte på bustadmarknaden, slik at dei òg kan skaffe seg ein eigen bustad. Startlånet skal derfor prioriterast innanfor låneramma i 2011. Grunnlånet skal fremje kvalitetar som universell utforming og miljø, både gjennom utbetring av eksisterande bustader og bygging av nye. Husbanken skal vurdere barnehagedekninga grundig og gjere ei grundig risikovurdering før det vert gjeve lån til private aktørar, spesielt i kommunar med full barnehagedekning.

Husbanken har over tid hatt låge tap på sine utlån. Frå og med 2010 er det oppretta ein eigen post som skal dekkje tap på utlånsverksemda. Kravet om realistisk budsjettering gjeld òg for denne posten. Departementet ber Husbanken om å følgje med tapsutviklinga på alle låneordningar, jf. styringsparameter og rapporteringskrav under målet om effektiv løysing av forvaltnings- og driftsoppgåver. Husbanken må varsle umiddelbart dersom ein ser ei uønskt utvikling. Jamfør omtale under kap. 581, post 75 kan Husbanken vurdere om det unntaksvis for nokre kommunar kan vere aktuelt å setje av midlar til tapsfond for startlån. Det skal i så fall først vere ein grundig gjennomgang av låneporteføljen i kommunen.

Departementet viser til at det har vore høg aktivitet på utlånsverksemda i Husbanken i 2009 og 2010. Departementet ber derfor Husbanken ha fokus på låneaktiviteten i 2011. Husbanken må rapportere umiddelbart til departementet dersom det skjer store endringar i låneaktiviteten i forhold til tidlegare år. Det må særskilt rapporterast på situasjonen per medio april 2011.

#### *Fastsetting av flytande og faste renter i Husbanken*

Departementet viser til at det frå og med 2010 har vorte endringar i fastsetting av flytande og faste renter i Husbanken. Ny fastrente i Husbanken trer i kraft ein månad etter avslutta observasjonsperiode. Fastrentene frå 1. januar 2011 er berekna ut frå observasjonar i november 2010. Frå og med 2011 må kundane i Husbanken med bindande verknad bestemme seg 24 dagar etter avslutta observasjonsperiode. Ved vidareføring av fastrenteavtaler må kundane også bestemme seg innan 24 dagar etter avslutta observasjonsperiode.

Frå 1. juli 2011 skal dei årlege nominelle rentene ut frå terminstrukturen i Husbanken verte avrunda med tre desimalar mot tidlegare ein desimal. Departementet viser til at renteberekninga frå 1. desember 2010 vert gjort ut frå talet kalenderdagar mellom kvar innbetaling (365 faktiske rentedagar). Når innbetalingar avvik frå avtalt terminstruktur

skal dei nominelle perioderentene i samhøve med opphavleg avtalt terminstruktur nyttast.

Departementet viser til omtale i tillegg til tildelingsbrev av 2. juli 2010 for føringar om berekning av over- og underkurs og overgang mellom faste og flytande renter.

Departementet arbeider med å fastsetje ei forskrift om rente- og avdragsvilkår i Husbanken. Departementet vil etablere ei arbeidsgruppe med Finansdepartementet og Husbanken, og ber om at Husbanken prioriterer deltaking i dette arbeidet.

#### **Andre ordningar**

##### *Tilskot til studentbustader*

Kunnskapsdepartementet vil i eit eige tildelingsbrev gje løyving til tilskotsordninga og føringar for arbeidet som Husbanken gjer med studentbustader.

#### **IV KALENDER FOR STYRINGSDIALOGEN OG PLAN FOR RAPPORTERING**

Styringsdialogen mellom Husbanken og departementet består hovudsakleg av styringsmøte og rapportering på mål og resultat for bestemte periodar. Departementet vil i 2011 kalle inn til kvartalsvise styringsmøte. Møta vil verte haldne annankvar gang hjå departementet og etaten. Departementet ber Husbanken om å arrangere eit av styringsmøta på eit av regionkontora. Departementet vil i tillegg kalle inn til eit strategimøte, og vil i samråd med etaten finne tidspunkt for eit slikt møte.

Departementet ber om at Husbanken sender inn ei månadleg rapportering på alle budsjettpostar som viser status på forbruk og aktivitet. Husbanken skal gje ei oversikt over kva som er utbetalt og gje tilsegn om på kvar post, jf. mal i vedlegg 3.

Husbanken må i tillegg gje ei forklaring ved avvik. Rapporteringa skal sendast elektronisk saman med kopi av kassarapportane til departementet ved Bustad- og bygningsavdelinga, Økonomi- og etatsstyringsseksjonen seinast den 18. påfølgjande månad, jf. fristar i vedlegg 2. I tillegg skal Husbanken sende inn ei månadleg rapportering på bustøtta og investeringstilskotet seinast innan fem virkedagar den påfølgjande månaden, jf. omtale under budsjettpostane og mal i vedlegg 4 og 5.

Husbanken skal oversende rapportering i framkant av styringsmøta. Fristar kjem fram av kalenderen for styringsdialogen i vedlegg 2. Husbanken skal i rapporteringa gje ei vurdering av måloppnåing, og forklare eventuelle avvik. Det skal rapporterast på satsingsområda, hovud- og arbeidsmåla, styringsparametrar og anna rapporteringskrav. Vedlegg 1 har ei oversikt over styringsparametrane. I tillegg er det rapporteringskrav i kapittel I Mål og resultat for 2011. Departementet ber Husbanken om å merke seg at dette ikkje er ei uttømmande liste over kva som vil vere føremålstenleg for Husbanken å rapportere på. Departementet legg opp til at rapporteringa for 1. og 3. kvartal kan vere noko mindre omfattande og hovudsakleg knytt til styringsparametrane, dei konkrete

rapporteringskrava og status på budsjett og rekneskap. Rapporteringa for 2. og 4. kvartal (halvårsrapporteringa) må vere meir omfattande og gje ei grundig vurdering av måloppnåing på alle område. Departementet ber om at rapporteringa er fordelt på kjønner dette er relevant. Husbanken må synleggjere korleis tiltak på relevante felt verkar for, og vert fordelt mellom kjønna.

Departementet viser til omtale av FoU under kapittel II Andre føringar frå departementet. Husbanken skal kvartalsvis gje ei oversikt og ei kort beskriving av forskings- og utgreiingsprosjekt som har fått tilskot frå Husbanken (inkludert kva post). I oversikta over prosjekta må det kome fram status på oppdraget (sett i gang, kunngjort, planlagt), kva oppdraget går ut på (tema/føremål), kven som skal gjennomføre oppdraget, pris og tidspunkt for når det skal vere ferdig. Det må også gå fram kor stor del av kapittel 2412, post 21 som er høvesvis bunde (inngått avtale om), kunngjort, planlagt eller ikkje avklart.

Departementet viser til at Husbanken skal dokumentere årlege risikovurderingar på eit overordna nivå inkludert risikoreduserande tiltak, jf. omtale under kap. II Andre føringar frå departementet. Husbanken skal oppdatere risikovurderingane i rapporteringa til alle styringsmøta. Ved avvik på viktige politiske og forvaltningsmessige område skal Husbanken rapportere til departementet umiddelbart. Risikobiletet, inkludert endringar, skal vere fast tema på styringsmøta.

Rapportering på mål og resultat (inkludert oppdaterte risikovurderingar), FoU-oppdrag og gjennomgang av referat og oppfølgingspunkt frå førre møte er faste punkt på dagsordenen på styringsmøta. Andre saker som ein av partane ønskjer å ta opp på styringsmøta skal som hovudregel meldast inn til den andre parten minst to veker i framkant av møtet. Det skal i slike tilfelle følgje med eit notat som beskriv saka, inkludert eit forslag til konklusjon.

Departementet ber Husbanken fortsetje å bidra i arbeidet med å utvikle styringsparametrar som kan gje eit føremålstenleg bilete på måloppnåinga. Dersom Husbanken har innspel er det fint om dei vert oversendte innan 1. oktober 2011.

Husbanken skal utarbeide ei årleg framstilling av arbeidet sitt. Den førebelse årsmeldinga for 2010 skal vere departementet i hende seinast 10. februar 2011. Endeleg årsmelding skal oversendast departementet innan 31. mars 2011. Departementet vil syte for at ein kopi av årsmeldinga vert oversendt til Riksrevisjonen. Departementet ber om at all korrespondanse Husbanken har med Riksrevisjonen vert sendt med kopi til departementet.

Budsjettarbeidet går over heile året. I tillegg til den månadlege statusrapporteringa skal Husbanken gje innspel til departementet til dei ulike budsjettrundane gjennom året. Tentative fristar kjem fram av vedlegg 2. Departementet vil kome tilbake til endelege fristar og opplegg for innspel i eigne brev.

Husbanken kan også verte bedd om bidrag og bistand utover det ordinære budsjettarbeidet og verksemdsrapporteringa. Dette kan mellom anna gjelde svar til Stortinget, i arbeid med meldingar og proposisjonar til Stortinget, og ved einskildsaker.

Departementet viser til vedlegg 8 om felles retningslinjer for offentlege verksemder. Alle fellesføringar skal følgjast opp innanfor budsjetttrammene for 2011.

## V RELEVANTE DOKUMENT

- Prop. 1 S (2010–2011) *Kommunal- og regionaldepartementet*, jf. Innst. 16 S (2010–2011) og Innst. 5 S (2010–2011)
- Prop. 1 S (2010–2011) *Statsbudsjettet 2011 (Gul bok)*
- Meld. St. 1 *Nasjonalbudsjettet 2011*, jf. Innst. 2 S (2010–2011)
- Prop. 1 S (2010–2011) *Arbeidsdepartementet*
- Prop. 1 S (2010–2011) *Helse- og omsorgsdepartementet*
- Prop. 1 S (2010–2011) *Justis- og politidepartementet*
- Prop. 1 S (2010–2011) *Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet*
- Prop. 1 S (2010–2011) *Miljøverndepartementet*
- Prop. 1 S (2010–2011) *Kunnskapsdepartementet*
- Prop. 1 S (2010–2011) *Fornyings-, administrasjons og kyrkjedepartementet*
- Prop. 1 S (2010–2011) *Olje- og energidepartementet*
- St.prp. nr. 11 (2008–2009) *Ei styrkt bustøtte*
- Ot.prp. nr. 6 (2008–2009) *Om lov om Husbanken*
- St.meld. nr. 25 (2005–2006) *Mestring, muligheter og mening – Framtidas omsorgsutfordringer*
- Reglementet for og føresegnehene om økonomistyring i staten
- Hovudinstruks om verksemd- og økonomistyring i Husbanken
- Rettleiar frå Senter for statlig økonomistyring om evaluering av statlege tilskotsordningar

Med helsing



Liv Signe Navarsete

**Vedlegg:**

1. Opplegg for mål- og resultatstyring i 2011
2. Kalender for styringsdialogen i 2011
3. Mal for månadleg rapportering
4. Mal for månadleg rapportering på kap. 580, post 70 Bustøtte
5. Mal for månadleg rapportering på kap. 586, post 64 Investeringstilskot
6. Budsjettfullmakter
7. Personalfullmakter
8. Felles retningslinjer for offentlige verksemder
9. Rettleiar for rapportering på likestilling

**Kopi til:**

Arbeidsdepartementet  
Barne- likestillings- og inkluderingsdepartementet  
Finansdepartementet  
Fornyings- administrasjons- og kirkedepartementet  
Helse- og omsorgsdepartementet  
Husleietvistutvalget  
Justis- og politidepartementet  
Kunnskapsdepartementet  
Miljøverndepartementet  
Riksrevisjonen  
Statens bygningstekniske etat

## Vedlegg 1: Opplegg for mål- og resultatstyring i 2011

Styringsparametrane i tabellen nedanfor vil vere eit viktig grunnlag for kvartalsrapporteringa Husbanken skal levere i framkant av styringsmøta.

Departementet viser òg til rapporteringskrava under kvart arbeidsmål, sjå kapittel II Mål og resultat for 2011.

| MÅL OG RESULTAT I 2011  | HYPPIGHEIT/<br>TIDSPUNKT |
|---|--------------------------|
| <b>Arbeidsmål 1.1: God informasjon om og balansert lovregulering av bustadsektoren</b>  |                          |
| <i>Styringsparametrar</i>   |                          |
| Talet på krav om utkasting, gjennomførte utkastingar og tvangssal.  | Kvartalsvis              |
| Delen av hushald som eiger og leiger bustaden sin.  | Kvartalsvis              |
| Talet på fullførte bustader.  | Kvartalsvis              |
| Talet på fullførte bustader per 1000 innbyggjar.  | Kvartalsvis              |
| Den realdisponerte inntekta til hushald.  | Kvartalsvis              |
| Delen av arbeidsaktive personar.  | Kvartalsvis              |
| Delen av arbeidsledige på landsbasis.   | Kvartalsvis              |
| Utviklinga av den gjennomsnittlege utlånsrenta.   | Kvartalsvis              |
| Talet på bustader som har meir enn 90 pst. lånefinansiering frå Husbanken.  | Kvartalsvis              |
| Talet på bustader i burettslag som er husbankfinansierte utan sikringsordning.  | Årleg                    |
| <b>Arbeidsmål 1.2: God finansiering av bustader i heile landet</b>  |                          |
| <i>Aktuelle indikatorar</i>   |                          |
| Spareraten til hushald.   | Kvartalsvis              |
| Utviklinga i byggjekostnader.   | Kvartalsvis              |
| Gjennomsnittspris på brukte bustader.   | Kvartalsvis              |
| Talet på påbegynte bustader.  | Kvartalsvis              |
| Utviklinga i leigeprisar.   | Kvartalsvis              |
| Gjennomsnittspris på nye bustader.  | Årleg                    |
| <b>Arbeidsmål 2.1: Auka førebygging og avskaffing av bustadløyse</b>  |                          |
| <i>Styringsparametrar</i>   |                          |
| Talet på husstandar som oppheld seg i mellombelse butilbod.   | Årleg (KOSTRA)           |
| Talet på husstandar som oppheld seg i mellombelse butilbod i meir enn 3 månadar.  | Årleg (KOSTRA)           |
| Kravet er at ingen skal opphalde seg i mellombelse butilbod i meir enn 3 månadar.   |                          |
| Talet på husstandar som har budd på nattheim.   | Årleg (KOSTRA)           |
| Bruken av korttidskontraktar i kommunane.   | Årleg (KOSTRA)           |
| Talet på samarbeidsavtalar mellom kommunar og forvalningsinstansar, medrekna kriminalomsorga og helseføretaka knytt til rus og psykiatri. | Kvartalsvis              |
| Talet på utviklingstiltak som er sett i gang for bustadlause, medrekna tiltak for bustadlause med barn.                                   | Kvartalsvis              |
| Talet på utviklingstiltak som har ført til etablerte langtidstiltak for bustadlause.  | Årleg                    |
| Talet på gjennomførte arrangement for kompetanseoppbygging og erfaringsutveksling om bustadløyse.   | Kvartalsvis              |

**Arbeidsmål 2.2: Auka bustadsosial kompetanse i kommunane*****Styringsparametar***

|   |             |
|---|-------------|
| Del av bustadsosialt kompetansetilskot som går til kommunar.  | Kvartalsvis |
| Talet på arrangement som Husbanken har ansvaret for og som har mål om å auke den bustadsosiale kompetansen i kommunane. | Kvartalsvis |
| Talet på kommunar som har delteke på dei bustadsosiale arrangementa som Husbanken har hatt ansvar for.                  | Kvartalsvis |
| Talet på kommunar som har sett i gang bustadsosiale utviklingstiltak.   | Kvartalsvis |
| Talet på kommunar som har etablert og vedteke bustadsosiale handlingsplanar i kommunestyret.                            | Kvartalsvis |
| Talet på deltakarar frå kommunane i bustadsosialt studium.  | Årleg       |

**Arbeidsmål 2.3: Auka bustadsosial aktivitet i kommunane*****Styringsparametar***

|   |                |
|---|----------------|
| Bruken av verkemidla fordelt på målgrupper og kommunetype.  | Kvartalsvis    |
| Tal på tilsegn om tilskot til utelegebustader.  | Kvartalsvis    |
| Del av tilsegn gjeve til utelegebustader fordelt etter utbetalingsår.   | Kvartalsvis    |
| Delen av tilsegnsramma for bustadtilskotet avsett til utelegebustader som er nytta.   | Kvartalsvis    |
| Kravet er at gjeldande ramme vert fullt ut nytta.   |                |
| Tal på gjevne tilsegn om grunnlån til utelegebustader til vanskelegstilte.  | Kvartalsvis    |
| Del av tilsegn gjeve til utelegebustader frå grunnlån fordelt etter utbetalingsår.  | Kvartalsvis    |
| Tal på bustadtilskot til utelegebustader fordelt på tiltak (nybygging, kjøp, utbetring)   | Kvartalsvis    |
| Tal på bustader som har fått tilsegn om bustadtilskot til utelegebustader fordelt etter intervall for tilskotsutnmåling (fordelt etter intervall på fem prosentpoeng).      | Kvartalsvis    |
| Tal på tilskot til utelegebustader fordelt på målgrupper  | Kvartalsvis    |
| Tal på utbetalte startlån fordelt etter låneutmåling og type husstand.  | Kvartalsvis    |
| Tal på utbetalte bustadtilskot til etablering.  | Kvartalsvis    |
| Tal på husstandar som mottek bustøtte (hovudtabellen for bustøtte for aktuell periode).   | Kvartalsvis    |
| Turnoverdelen i bustøtta.   | Kvartalsvis    |
| Talet på klagar i bustøtta (fordelt på årsak og anna statistikk for husstanden).  | Kvartalsvis    |
| Avslagsdelen i startlånsordninga (delt på relevante grupper).   | Kvartalsvis    |
| Avslagsdelen i bustøtta (delt på relevante grupper).  | Kvartalsvis    |
| Avslagsdelen på bustadtilskot til utelegebustader.  | Kvartalsvis    |
| Utviklinga i buutgiftsbelastninga av bustøttemottakarane.   | Kvartalsvis    |
| Delen av startlånet som nyttast saman med bustøtta og/eller bustadtilskot til etablering.   | Kvartalsvis    |
| Talet på utelegebustader som kommunane disponerer. Kravet er at talet skal auke frå førre rapporteringsår.  | Årleg (KOSTRA) |
| Talet på personar som står på venteliste for kommunal bustad (delt på brukargruppe).  | Årleg (KOSTRA) |
| Avslagsdelen på kommunal bustad.  | Årleg (KOSTRA) |
| Nettotilvekst av kommunalt disponerte bustader. Kravet er at det skal vere ein nasjonal auke i talet på kommunalt disponerte bustader samanlikna med førre rapporteringsår. | Årleg (KOSTRA) |

**Arbeidsmål 4.1: Auka tal på miljøvenlege bustader og bygg*****Styringsparametar***

|   |             |
|---|-------------|
| Godkjente bustader med miljø-/energikvalitetar for grunnlån til einskildpersonar, spesifisert på type kvalitet. | Kvartalsvis |
| Bustadprosjekt til vanskelegstilte som har miljø-/energikvalitetar for grunnlån til                             | Kvartalsvis |

|   |             |
|---|-------------|
| <b>kommunale utlegebustader, spesifisert på type kvalitet.</b>  |             |
| Prosjekt som har fått kompetansetilskot til berekraftig bustad- og byggkvalitet med mål om å fremje miljø-/energikvalitetar i bustader og bygg, spesifisert på type kvalitet. Det skal gå fram kor stor prosentdel av tilskotet som har gått til miljøtiltak. | Kvartalsvis |
| Talet på intensjonsavtalar med mål om fleire miljøvenlege bustader og bygg.<br>Kravet er at det skal vere eit aukande tal samanlikna med 2009.  | Kvartalsvis |
| <b>Arbeidsmål 4.2: Auka tal på universelt utforma bustader, bygg og uteområde</b>   |             |
| <b>Styringsparametrar</b>   |             |
| Delen av godkjente bustader etter kvalitetar for universell utforming.  | Kvartalsvis |
| Delen av bustadprosjekt til vanskelegstilte etter kvalitetar for universell utforming for grunnlån til kommunale utlegebustader.  | Kvartalsvis |
| Talet på prosjekt som har fått kompetansetilskot til berekraftig bustad- og byggkvalitet til å fremja universell utforming.   | Kvartalsvis |
| Talet på prosjekt som har fått tilsegn til prosjektering og bygging av heis.  | Kvartalsvis |
| Tal på besökande på nettstaden "Universell utforming av bustad og bygg" på Husbankens eigne nettsider.  | Kvartalsvis |
| <b>Arbeidsmål 4.3: Fleire stader med god byggjeskikk og godt bumiljø</b>  |             |
| <b>Styringsparametrar</b>   |             |
| Prosjekt med mål om god byggjeskikk og bumiljø som har fått kompetansetilskot til berekraftig bustad- og byggkvalitet   | 2. kvartal  |
| Talet på bustader som vert omfatta av områdelyft  | Årleg       |
| Grunnlagsdata for rapportering av Groruddalsatsinga   | Årleg       |
| <b>Open, brukarvenleg og velfungerande forvaltning av verkemiddel</b>   |             |
| <b>Styringsparametrar</b>   |             |
| Delen av kommunar/brukarar som er nøgd med rettleiinga frå Husbanken  | Årleg       |
| Delen av kommunar/brukarar som er nøgd med informasjon og tilgangen i Husbanken   | Årleg       |
| Aktivitet på nettstadene til Husbanken  | Kvartalsvis |
| <b>Effektiv løysing av forvaltnings- og driftsoppgåver</b>  |             |
| <b>Styringsparametrar</b>   |             |
| Gjeve tilsegn og utbetalte tilsegn på tilskotspostane.  | Kvartalsvis |
| Sakshandsamingstid for alle sakstypar.  | Kvartalsvis |
| Talet på klagesakar for alle sakstypar.   | Kvartalsvis |
| Tap fordelt på låneordningane.  | Kvartalsvis |
| Driftskostnader per årsverk.  | Årleg       |

## Vedlegg 2: Kalender for styringsdialogen i 2011

| Månad     | Rapportering/møte   | Tidspunkt  |
|-----------|---|--|
| Januar    | Rapportering for desember kap./post 580.70 og 586.64<br>Innspel til statsrekneskapen for 2010*  | 5 virkedagar<br>14. januar*  |
| Februar   | Rapportering for januar kap./post 580.70 og 586.64<br>Rapportering for 3. tertial og førebels årsmelding 2010 og FoU-oversikt<br>Rapportering for januar, inkl. kopi av kassarapport  | 5 virkedagar<br>10. februar<br>18. februar                                     |
| Mars      | Innspel til tilleggsloeyingar og omprioriteringar (RNB)*<br>Rapportering for februar kap./post 580.70 og 586.64<br>Styringsmøte. Tema er mellom anna årsmelding og årsrekneskapen 2010<br>Rapportering for februar, inkl. kopi av kassarapport<br>Endeleg årsmelding for 2010   | 1. mars*<br>5 virkedagar<br>8. mars<br>18. mars<br>31. mars                    |
| April     | Rapportering for mars kap./post 580.70 og 586.64<br>Rapportering for mars, inkl. kopi av kassarapport   | 5 virkedagar<br>18. april  |
| Mai       | Rapportering for 1. kvartal 2011 og FoU-oversikt<br>Rapportering for april kap./post 580.70 og 586.64<br>Innspel til førsteutkast til Prop. 1 S (2011–2012)<br>Rapportering for april, inkl. kopi av kassarapport<br>Styringsmøte. Tema er m.m. rapporteringa for 1. kvartal  | 2. mai<br>5 virkedagar<br>13. mai*<br>18. mai<br>20. mai                       |
| Juni      | Rapportering for mai kap./post 580.70 og 586.64<br>Rapportering for mai, inkl. kopi av kassarapport   | 5 virkedagar<br>18. juni   |
| Juli      | Rapportering for juni kap./post 580.70 og 586.64<br>Rapportering for juni, inkl. kopi av kassarapport   | 5 virkedagar<br>18. juli   |
| August    | Rapportering for juli kap./post 580.70 og 586.64<br>Utkast til Prop. 1 S (2011–2012) vert lagt fram for HB for merknader/oppdatering av rapportering på aktivitet<br>Rapportering for 2. kvartal 2011 og FoU-oversikt<br>Rapportering for juli, inkl. kopi av kassarapport<br>Styringsmøte. Tema er m.a. rapporteringa for 2. kvartal | 5 virkedagar<br>10. august*<br>15. august<br>18. august<br>30. august          |
| September | Rapportering for august kap./post 580.70 og 586.64<br>Rapportering for august, inkl. kopi av kassarapport<br>Innspel til nysalderinga i haustsesjonen*  | 5 virkedagar<br>18. september<br>23. september*                                |
| Oktober   | Rapportering for september kap./post 580.70 og 586.64<br>Rapportering for september, inkl. kopi av kassarapport<br>Rapportering for 3. kvartal 2011 og FoU-oversikt   | 5 virkedagar<br>18. oktober<br>31. oktober                                     |
| November  | Rapportering for oktober kap./post 580.70 og 586.64<br>Styringsmøte. Tema er m.a. rapporteringa for 3. kvartal<br>Innspel til innsparingstiltak (2013-budsjettet)*<br>Innspel til nye store satsingar (2013-budsjettet)*<br>Rapportering for oktober, inkl. kopi av kassarapport  | 5 virkedagar<br>15. november<br>15. november*<br>15. november*<br>18. november |
| Desember  | Rapportering for november kap./post 580.70 og 586.64<br>Rapportering for november, inkl. kopi av kassarapport<br>Innspel til konsekvensjustering (2013-budsjettet)*   | 5 virkedagar<br>18. desember<br>20. desember*                                  |

\*Dette er en tentativ frist. Endeleg frist vert gjeve i eige brev på eit seinare tidspunkt.

### Vedlegg 3: Mall for månedleg rapportering

Rapportering skal sendast elektronisk til Økonomi- og etatstyringsseksjonen i Bustad- og bygningsavdelinga seinast den 18. påfølgende månad, jf. fristar i vedlegg 2.

Alle beløp er i 1 000 kr

| Kap-/post | Tekst   | Overført fra 2010 | Saldoet budgett 2011 | Nyansending 2011 | Disponibel leping | Rammeperiode per m.m. 2011 | Pst. brukt | Tilsegramma | Gjenværende tilsegn per xx.mars 2011 | Pst. brukt |
|-----------|---|-------------------|----------------------|------------------|-------------------|----------------------------|------------|-------------|--------------------------------------|------------|
| 552.72    | Nasjonale tiltak for regional utvikling                               |                   |                      |                  |                   |                            |            |             |                                      |            |
| 580.70    | Bustad-, overslagsstyring   |                   | 3 830 000            |                  | 3 830 000         |                            |            |             |                                      |            |
| 581.61    | Husleigetilkot til Oslo kommune                                       |                   | 4 500                |                  | 4 500             |                            |            |             |                                      |            |
| 581.74    | Tilkot til bustad-, by- og områdetilkot, kan overførst                |                   |                      | 46 000           |                   | 46 000                     |            |             |                                      |            |
|           | Groruddalen   |                   |                      | 43 000           |                   |                            |            |             |                                      |            |
|           | Bergen  |                   |                      | 3 000            |                   |                            |            |             |                                      |            |
| 581.75    | Tilkot til etablering og tilpassing av bustadtilpassing i egen bustad |                   | 399 600              |                  | 399 600           |                            |            |             |                                      |            |
|           | utgjøring og prosjektering av bustader som skal dekke spesielle behov |                   |                      |                  |                   |                            |            |             |                                      |            |
|           | tilstandsundersøkelse av bustader, sammeier og liknende               |                   |                      |                  |                   |                            |            |             |                                      |            |
|           | prosjektering og innestyring i helse                                  |                   |                      |                  |                   |                            |            |             |                                      |            |
|           | topp i øst startlin   |                   |                      |                  |                   |                            |            |             |                                      |            |
| 581.76    | Tilkot til utlegebustader, kan overførst                              |                   | 428 800              |                  | 428 800           |                            |            |             |                                      |            |
| 581.77    | Kompetansetilkot til berekning av byggkvalitet, kan overførst         |                   | 20 800               |                  | 20 800            |                            |            |             |                                      |            |
| 581.78    | Bustadcosats kompetansetilkot, kan overførst                          |                   | 72 100               |                  | 72 100            |                            |            |             |                                      |            |
| 582.60    | Rentekompensasjon - skule- og symlønntillegg, kan overførst           |                   | 673 000              |                  | 673 000           |                            |            |             |                                      |            |
| 582.61    | Rentekompensasjon - krykkedrag, kan overførst                         |                   | 47 000               |                  | 47 000            |                            |            |             |                                      |            |
| 586.63    | Tilkot til kompensasjon for ungifter til renter og avdrag             |                   | 1 273 700            |                  | 1 273 700         |                            |            |             |                                      |            |
| 586.64    | Investeringstilkot, kan overførst                                     |                   | 1 067 400            |                  | 1 067 400         |                            |            |             |                                      |            |
